





Plan for hjorteviltforvaltninga i Luster kommune 2021 - 2024

Handsama:

ZON



Vedteke i Plan- og forvaltningsutvalet
09.09.2021, sak 62/21

Innhaldsliste:

1	Innleiing	2
2	Nasjonale føringer	2
2.1	Viltlova.....	2
2.2	Naturmangfaldslova	2
2.3	Forskrift om forvaltning av hjortevilt	3
2.4	Nasjonal strategi for forvaltning av hjortevilt	4
3	Bestandsutvikling og status	4
3.1	Fellingsstatistikk hjort.....	4
3.1.1	Felt hjort	4
3.1.2	Avskytningsprofil	5
3.1.3	Alderssamsetjinga	5
3.1.4	Sett hjort.....	6
3.1.5	Sett hjort pr. jegertime.....	7
3.1.6	Sett og felt hjort pr. jegerdag i utmark.....	9
3.1.7	Sett kolle pr. bukk.....	10
3.1.8	Sett kalv pr. kolle	10
3.1.9	Sett spissbukk pr. bukk.....	11
3.2	Vekstutvikling på hjort.....	12
3.3	Skada på jordbruksareal, skog, hagar m.m	13
3.4	Påkøyrslor og irregulær avgang	13
3.5	Status for elg.....	14
3.6	Status for rådyr.....	14
4	Mål for hjorteviltstammene	15
4.1	Hovudmålsetnad	15
4.2	Delmål perioden 2017-2020.....	15
4.3	Måloppnåing 2017-2020	15
4.4	Forvaltningsmål og tiltak 2021-2024.....	16
4.4.1	Bestandsstorleik	16
4.4.2	Bestandssamsetjing.....	17
4.4.3	Slaktevekter	17

4.4.4	Datainnsamling.....	18
4.4.5	Arealbrukskonflikt	18
4.4.6	Bestandsplanområde.....	19
4.4.7	Rådyr og elg	19
5	Forvaltningsspørsmål	20
5.1	Organisering av viltforvaltninga i Luster kommune	20
5.2	Årsleveområde for hjort, avgrensing og storleik.....	20
5.3	Bestandsplanområde.....	23
5.4	Storleik på bestandsplanområder	26
5.5	Viltfondet.....	26
6	Referansar	27

1 Innleiing

Denne planen tek sikte på å trekka dei overordna linjene for hjorteviltforvaltninga i Luster kommune, og fastsetja mål for ein fireårsperiode i tråd med hjorteviltforskrifta.

I Luster kommune vert det årleg skote kring 550 hjortar i jakta. Med ein stipulert kilopris på kr 70,- og gjennomsnittleg slaktevekt på 50 kg, utgjer denne ressursen ein verdi tilsvarende 1,925 mill. I tillegg kjem jaktverdien som ofte vert sett til kr 7.000 pr. felte dyr, altså 3,85 mill. Hjortejakta genererer også inntekter frå jaktguiding, kost og losji til tilreisande jegerar m.m., men for mange av jaktrettshavarane i Luster er jakta fyrst og fremst matauk og rekreasjon. Samstundes påverkar hjorteviltet andre næringsinteresser som jord, skog og hagebruk der beiteskader av hjortevilt kan medføre store økonomiske kostnadars.

I tillegg til hjorten, har Luster jaktbare stammer av elg, rådyr og villrein. Når det gjeld elg og rådyr er førekostane veldig små i høve hjortestamma, difor får dei ikkje like utførleg handsaming i planen, men det er ført opp eigne delmål og tiltak på begge. For villreinen sin del er det eit anna forvaltningsregime, der ansvaret er lagt til eigne villreinnemnder for kvar stamme. Arten er difor ikkje teken med i denne planen. Det gjeld Reinheimen-Breheimen villreinstamme og Vest-Jotunheimen villreinstamme, som begge har delar av leveområda sine i Luster kommune.

2 Nasjonale føringer

Bakgrunnen for utarbeiding av forvaltningsmål er gitt i viltlova, naturmangfaldslova og tilhøyrande forskrifter som til dømes forskrift om forvaltning av hjortevilt.

2.1 Viltlova

Viltlova (Lov om viltet av 29.05.1981 nr 38:Lov om jakt og fangst av vilt) og naturmangfaldslova (LOV-2009-06-19 nr.100: Lov om forvaltning av naturens mangfold) gjev rammene for jakt og fangst av vilt og for forvaltning av vilt. Viltlova gjev også regelverket for det meste i høve utøving av jakt og fangst. Ein del av dette er heimla direkte i lova, men og gjennom ei rekke forskrifter til lova m.o.a: Forskrift om forvaltning av hjortevilt og forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst.

Viltforvaltning er regulert av lov om viltet av 29.05.1981. I kapittel 1 formål og omfang § 1 heiter det at: «*Viltet og viltets leveområde skal forvaltes slik at naturens produktivitet og artsrikdom bevares. Innenfor denne rammen kan viltproduksjon høstes til gode for landbruksnæring og friluftsliv»*

2.2 Naturmangfaldslova

Prinsippa i naturmangfaldslova skal likevel leggjast til grunn ved all forvaltning både av areal og einskildartar.

§1 lovens formål

«*Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved berekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur»*

§8 Kunnskapsgrunnlaget

«Offentleg beslutninger som berøre naturmangfoldet skal så langt det er rimeleg bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologisk tilstand, samft effekt av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet»

2.3 Forskrift om forvaltning av hjortevilt

Forskrift om forvaltning av hjortevilt (FOR-2016-01-08-12) gjev reglar for forvaltning av hjortevilt. Det er her i § 3 sagt at kommunen skal fastsetje mål for utviklinga av bestandane av elg, hjort og rådyr. Føremålsparagrafen §1 gjev føringar for bestandsmåla.

§ 1 i forskrift om forvaltning av hjortevilt seier: «*Formålet med denne forskriften er at forvaltningen av hjortevilt iverretar bestanden og leveområdenes produktivitet og mangfold. Det skal legges til rette for ein lokal og berekraftig forvaltning med sikte på nærings- og rekreasjonsmessig bruk av hjorteviltressursene. Forvaltningen skal videre sikre bestandsstørrelse som fører til at hjortevilt ikke forårsaker uakseptable skader og ulemper på samfunnsinteresser».*

§ 3 mål for forvaltning av elg, hjort og rådyr seier: «*Kommunen skal vedta mål for utviklingen av bestandene av elg, hjort, og rådyr der det er åpnet for jakt på arten(e). Målene skal blant annet ta hensyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.*

§ 4 Interkommunalt samarbeid: «*Kommunene bør samarbeide om felles mål for hjorteviltbestandene når det er hensiktmessig å samordne bestandsplanlegging over kommunegrenser. Fylkeskommunen kan pålegge kommuner å inngå eit slikt samarbeid viss det anses som nødvendig for å ivereta bestands- eller samfunnsmessige hensyn på et regionalt nivå»*

Ei rekke merkjeprosjekt av hjort syner at ein stor del av dyra gjennom året brukar store areal og at verken kommune eller fylkesgrenser er barriere i den samanheng. Det er lokale variasjonar men størstedelen av dyra har ulike leveområder sommar og vinter og avstandane mellom desse kan vera til dels store. Hausttrekket går føre seg under jakta og ein del av dyra er innom fleire kommunar berre i løpet av jakta. Om ein skal få til målretta forvaltning er det då naudsynt med interkommunal forvaltning.

2.4 Nasjonal strategi for forvaltning av hjortevilt

Dei nasjonale måla for forvaltning av hjortevilt er definerte i DN-rapport 8-2009, Strategi for forvaltning av hjortevilt, med følgjande 5 punkt (oversett til nynorsk):


1. Forvaltninga skal sikra livkraftige og sunne hjorteviltstammer, eit rikt biologisk mangfald og naturen si framtidige produksjon av varer og tenester.
2. Forvaltninga skal ha brei samfunnsaksept og legitimitet.
3. Forvaltninga skal sikra samarbeid og samhandling mellom lokale, regionale og nasjonale aktørar og med andre sektorar som vert påverka.
4. Forvaltninga skal vera basert på høg kompetanse på alle nivå.
5. Forvaltninga skal stimulera til auka kvalitet og mangfald av opplevingar, tenester og produkt.

3 Bestandsutvikling og status

3.1 Fellingsstatistikk hjort

3.1.1 Felt hjort


Hjortebestanden i Luster kommune har som resten av vestlandet auka monaleg sidan byrjinga av 1990 talet. Som det går fram av figuren nedanfor så auka avskytinga jamt frå 238 felte dyr i 1995 til 614 dyr felt i 2020. Fellingsprosenten i Luster kommune var i 2020 på 52 %.



Figur 1: Felte hjortar i Luster kommune frå 1986 og fram til 2020.

3.1.2 Avskytningsprofil


Dersom ein ser på trendane, ser ein at det blir skote meir kalv og ungdyr dei siste åra. Ein har særleg begynt å bevare eldre koller. Bukk er det blitt skote litt meir av dei to siste åra. Nedgang i skotne eldre koller tyder på at jegerane har meir fokus på uttak av yngre dyr.



Figur 2: Diagrammet syner % fordeling av avskyting på ulike kjønn og aldersgrupper fra 2010-2020.

3.1.3 Alderssamsetjinga


Alder vart undersøkt ved analyse av tenner(innsamla av jegerar) i 2006, 2011, 2015 og 2020 (fig. 3). Som du ser av figuren er det lite uttak på yngre kategoriar av voksen bukk i år 2020. Og at det er stadig fleire som venter med å ta dei ut til dei er noko større. Kanskje har det samanheng med mindre bukkekvotar enn for ein del år tilbake. Dette medfører kanskje til at jegerar ynskjer å spare bukkane til dei får ein viss storleik. Uttak av spissbukk er derimot langt høgare.



Figur 3: Alderssamsetjinga på hjort felt i Luster i 2006, 2011, 2015 og 2020. Utvalet omfattar berre vaksne bukkar/hanndyr.

Tradisjonelt har det vore eit svært høgt jakttrykk på vaksne bukkar, noko som resulterer i at storbuks gjerne har vorte sjeldsynte. Dette har samanheng med verdien av desse som trofé. Svært få bukkar får leva til dei når maksvekta kring 8 års alder. Dei siste åra har haldningsendringar og mindre bukkekvotar medført at litt fleire bukkar vert sparte i jakta. Dette syner att i figuren ved auka tal bukkar i aldersgruppene over 4,5 år for år 2020 (fig. 3). Dei såkalla burebukkane er viktige for å få i gang paringstida om hausten, då eldre bukkar kjem tidligare i brunst. Ei bestandssamansetting med låg del vaksne bukkar påverkar ikkje vekstraten i bestanden, men vil føre til seinare brunst for kollene og dermed seinare kalvefødsel. Dette vil igjen føre til kalvar som er mindre og därlegare rusta til vinteren. På sikt vil det gje ein bestand med därleg snittkondisjon.

For koller er det lite samanhengar å sjå. Men det er tydeleg at det er ein god del eldre koller i stamma.



Figur 4: Alderssamansetjinga på hjort felt i Luster i 2006, 2011, 2015 og 2020. Utvalet omfattar berre vaksne koller/hodyr.

3.1.4 Sett hjort

Sett hjort er all registrert av sette hjort under jakta, desse observasjonane blir registererte av jegerane under jaktutøving. Det er eit viktig statistisk verktøy og kvaliteten på dette aukar med auka datamengd/registrering. Tilfeldig avvik og feilregistreringar vil gjere mindre utslag dess større datamengd. Luster kommune har pålagt vald å registrere sett hjort. Målet er å få alle til å bruke «sett og skutt» app i det daglige, fordi ein får meir nøyaktig data med registrering underveis enn ved jaktslutt.

Grunna årlege variasjonar, tilfeldig avvik og at hjorten har store leveområde kan ikkje resultat herifrå nyttast på små einingar som mindre vald og jaktfelt. Data vert registrert særskilt for innmark og utmark. Sett hjort data frå innmarksjakt syner seg å variere mykje einskilde år utan det kan forklarast utifrå bestandsmessige tilhøve. Ein reknar derfor med at tala frå utmarksjakt gjev dei sikraste indikasjonane på bestandsvariasjon.

Innsamla datamengda er relativt stabil for 2011-2020. Jegerar i Luster kommune er dyktige til å registrere sett hjort. Ved å starte opp med app håpar me på å få dei fleste til å registrere jamleg


(helst kvar veke) for å få meir presist datagrunnlag. Frå 2018 vart det gjort ei endring i korleis ein skulle føre sett hjort. Fram til 2018 skulle ein berre rapportere den fyrste observasjonen av eit dyr og trekke frå eventuelle «dobbeltobservasjonar». Frå 2018 skal alle observasjonar registrerast sjølv om same hjorten har vore sett av fleire jegerar. Dette vil ha verknad på utvikling av nokre av indeksane. Den største verknaden er på «sett hjort pr. jegerdag».

Jaktår	Spissbukk	Bukk	Kolle	Kalv	Ukjent	Sum sette hjort	Tal jegerdagar	Tal jaktfelt
2011	290	681	1279	795	474	3519	3759	86
2012	300	566	1234	833	608	3541	3822	85
2013	347	545	1259	825	673	3649	3690	85
2014	320	611	1397	924	818	4070	3946	86
2015	302	702	1341	809	667	3821	4089	94
2016	313	758	1357	908	804	4140	3976	94
2017	480	1022	1834	1206	937	5479	4149	97
2018	252	744	1269	746	557	3568	4366	109
2019	299	667	1254	866	572	3658	3926	106
2020	347	795	1440	951	702	4235	4576	103

Tabell 1: Sett hjort registreringar 2011-2020


3.1.5 Sett hjort pr. jegertime

Sett hjort pr. jegertime er eit mål kor mange hjort kvar jeger ser i snitt pr. jegertime. Hausten 2017 skil seg veldig ut frå resterande data. Det har samanheng med at denne hausten vart det tidlig vinter og hjorten trekte tidleg ned på innmark. Denne vinteren døydde det også mykje hjort, noko som resulterte i ein liten bestandsnedgang. Dei to siste vintrane har vore gode overvintringsforhold for hjorten, noko som har resultert i ein liten vekst i bestanden. Dersom ein ser samla på hjortestatistikken i Luster kommune har ikkje det vore store endringar i sett hjort dei siste 10 åra. Det kan sjå ut som bestanden har stabilisert seg.




Figur 5: Bestandstettleiken målt i sette hjort pr. jegertime frå sett hjort-registreringa starta i 2004 og fram til i dag.

I 2016 vart det lagt om at ein skulle skilje mellom sett hjort på innmark og utmark. Frå 2016 til i dag er det lita endring i sett hjort på innmark.



Figur 6: Bestandstettleiken målt i sette hjort pr. jegertime på innmark frå 2016-2020


Sett hjort i utmark i denne perioden syner ei nedgang i bestanden frå 2017-2018. Dette året var eit veldig hardt overvintringsår for hjort, pga lang vinter med store snømengder. Det var funne masse fallvilt i perioden, og sett hjort pr. jegertime fekk ein naturleg nedgang som fylgjer av dette. Dei to siste åra har vore betre overleving noko som har gitt ein vekst i bestanden.



Figur 7: Bestandstettleiken målt i sette hjort pr. jegertime på utmark frå 2016-2020

3.1.6 Sett og felt hjort pr. jegerdag i utmark


Sett hjort pr. jegerdag utmark er eit mål på kor mange hjort kvar jeger ser i snitt pr. jegerdag. Sett hjort pr. jegertime og sett hjort pr. jegerdagsverk gjev utsyn for endringar i bestandsstorleik. Sjølv om dei samsvarar nokolunde bra, vil sett hjort pr. jegertime vere meir presis enn pr. jegerdag dersom rapporteringa er utført korrekt. Årsaka til det er at ein jegerdag vil variere veldig i lengde for kvar einskild jeger. Sett hjort pr. jegerdag i utmark syner også stabil bestand sidan 2016. Noko som stemmer overeins med sett hjort pr. jegertime. Felt hjort pr. jegerdag utmark syner også ein stabil bestand for perioden 2015-2020.



Figur 8: Sett hjort pr. jegerdag og felt hjort pr. jegerdag i utmark frå 2016-2020

3.1.7 Sett kolle pr. bukk


Sett kolle pr. bukk gjev uttrykk for kjønnsfordelinga blant dei vaksne dyra i bestanden. Trenden her er at tal koller pr. bukk er fallande i perioden 2010-2015, før den har stabilisert seg. Kvotane på bukk er blitt auka litt igjen dei to siste åra. Noko som har medført at fordelinga har stabilisert seg på om lag 1,20-1,30. Utifrå erfaringstal så reknar ein med at når indeksen her er omlag 1,5 kolle pr. bukk eller lågare så har ein tilstrekkeleg hanndyr i bestanden.



Figur 9: Kjønnssamansetjinga sett kolle pr. bukk

3.1.8 Sett kalv pr. kolle


Indeksen for sett kalv pr. kolle gjev uttrykk for reproduksjonsevna i bestandane. Dette avheng av kondisjonen og aldersfordelinga blant dei vaksne hodyra i bestanden. I dei fleste tilfelle vil det vere ynskjeleg med ein høg og stabil produksjon av kalvar i bestanden. Viktigaste kriteriet i så måte er høg gjennomsnittsalder hjå dei vaksne dyra i bestanden. Beste måten å sikre det på er at kalv og ungdyr utgjere ein stor del av jaktuttaket og vaksne dyr då tilsvarande mindre del. Trendlinja er svakt stigande noko som samsvarar med avskytingsmønsteret der kalv og ungdyr no utgjere ein større del av jaktuttaket enn tidlegare.



Figur 10: Sett kalv pr. kolle 2004-2020

3.1.9 Sett spissbukk pr. bukk


Sett spissbukk pr. bukk syner litt om utviklinga for alderssamsetjinga blant hanndyra i bestanden. Utviklinga i verdien dei siste åra indikerer at ein ser fleire eldre bukkar i bestanden i forhold til spissbukkar. Dette tilseier at gjennomsnittsalderen blant hanndyra i bestanden er aukande. Dette stemmer også overeins med aldersanalysen som er gjort for år 2020.



Figur 11: Sett spissbukk pr. bukk 2004-2020

3.2 Vekstutvikling på hjort

Generelt på Vestlandet ser ein vektnedgang på hjort. I Luster har ein ikkje nok data til å sjå trenden. Stadig fleire jegerar er flinke til å registrere vekter på hjorten i jakta. Etter at kommunen gjekk over til digital levering av sett og skutt hjort har stadig fleire blitt dyktigare å registrere vekter. I 2020 vart det registrert vekter på 194 dyr. Datagrunnlaget er fortsatt for lite for å seie noko om utvikling av hjortevekter. Frå 2016-2020 ser det pr. dags dato ut til å vera nokolunde stabilt.



Figur 12: Hjortevekter frå 2016-2020 i Luster kommune


Reproduksjonen i bestanden er avhengig av andelen 1,5 årig hodyr som kjem i brunst og får fram kalvar som 2 åringar. Dette er direkte vekt/kondisjonsavhengig. Grovt sett kan ein seie at ei 1,5 år gammal kolle på 50 kg har rundt 50% sannsyn for å kome i brunst i løpet av hausten. Er den lettare er sannsyn for å komme i brunst mindre, er dei tyngre er sannsynet større. Vektene i Luster er om lag 43-44 kg. Noko som betyr at det er mindre enn 50 % sannsyn for at gjennomsnittskolla på 1,5 år kjem i brunst i løpet av hausten. Ein er derfor avhengig av fleire grep for å oppretthalde reproduksjonen i framtida. Ein må ta vare på eldre bukkar og koller, og legge hovudjaktrykket på ungdyr og kalv for å snu vektredusjonen.

3.3 Skada på jordbruksareal, skog, hagar m.m

Den store hjortestamma er eit gode for grunneigarane, men fører også med seg vesentlege ulemper. Den subjektive oppfatninga er at omfanget av beiteskadar på eng og skog er aukande, og at hjorten i tillegg øydelegg ein god del rundballar, beiter på marka, og på den måten påfører landbruksnæringa tap. Frukt- og bærplanting er mange stader nærmast bortkasta utan inngjerding med gjerdning som må vera høgare enn vanleg sauennett. Nokre stadar kan det også vera eit problem med hjort som gjer skade i hagar og på gravplassar. Slike dyr er ofte knytt til einskilde dyr som fort kan verte sky overfor folk og vanskeleg å jage. Løysinga på problemet i dei fleste tilfelle er å ta ut slike dyr ved jakt eller skadefellingsløyve.

3.4 Påkørysler og irregulær avgang

Luster kommune nytta seg av hjorteviltregisteret for å registrere alle rapporterte fallvilt av hjortevilt. Dette er avgang av dyr utanom jakt og skuldast i hovudsak utmagring. Det også fysisk skade som følgje av fall, drukning i flaumstore elver, eller fastlåst i gjerde. Det er grunn til å tru at ikkje alt fallvilt vert rapportert til kommunen og det er derfor knytt ein del usikkerheit til tala. Fallviltperioden er frå (01.04-31.03) noko som gjere at det ikkje alltid å sjå kva vintra som var harde. Ein ser av statistikken at det er to vintrar som peiker seg ut 2014-2015 og 2017-2018.



Figur 13: Fallvilt 2009-2020. Fallviltperioden er frå (01.04 – 31.03)

Dei siste 4 åra har det vore ein auke i tal påkørysler på hjort, elg og rådyr. Det vert registrert i snitt 17 påkørysler på hjortevilt langs vegane dei siste åra 4 åra. Til samanlikning var det på tidleg 2010 talet registrert i snitt 3-4 pr. år. Det er ingen særskilde punkt eller strekningar som peikar seg ut på ein slik måte at det er aktuelt å setja inn tiltak, men alle viltpåkørysler vert dokumenterte og kartfesta i fallviltregisteret (hjortevilt.no), slik at ein over tid kan få eit godt bilete av kva som er dei mest kritiske kryssingspunktene.

År	Påkørsler	Døde
2017-2018	24	11
2018-2019	15	6
2019-2020	13	9
2020-2021	17	5

Tabell 2: Påkørsler av hjortevilt i Luster kommune 2017-2020

Året 2017-2018 var det spesielt mange påkørsler. Vinteren kom tidleg i denne hausten med mykje snø i høgda. Hjorten trekte då ned mot bøane og vegane, med fleire påkørsler som resultat. Aldri før hadde det vore so mange påkørsler registrert i kommunen. Sjølv med meir normal vinter i åra etter, har talet påkøyrslar fortsette å vere høgt. Det kan antakast at tal påkørsler vil auka med aukande bestandstettleik.

3.5 Status for elg

Innslaget av elg skuldast enkeltindivid og familiegrupper som kjem austanfrå til Utladalen og områda fremst i Jostedalen. Dei siste åra er det også rapport om ei lita elgetablering på Hafslo i område kring Simosete. Det er anbefalt sett elg-rapportering for elgvalda i kommunen. Løyvetildelingane er basert på dette samt tilbakemeldingar frå jegerar og andre.

Førekomsten av elg har halde seg stabilt låg i lang tid, og fellingskvotane er i dag omlag 8 dyr i Luster kommune. For å optimalisera rekrutteringa ynskjer jaktrettshavarane at det hovudsakleg skal skytast elgoksar.

3.6 Status for rådyr

Når det gjeld rådyr peikar dei fleste tilbakemeldingane til kommunen i retning av at rådyra er i ferd med å breia om seg. Det er grunn til å tru at rådyrstammen veks, men ikkje fort.

Rådyra sin føde skil seg frå hjorten sin ved at dei er meir selektive og likar finare plantemateriale. Dei er også meir uredde folk enn hjorten, og har ein liten og spenstig kropp som kjem seg gjennom eller over dei fleste gjerdingar. I sum gjer dette at rådyret ofte vert ei plage i frukt- og bærhagar, kjøkenhagar og blomsterbed. Det økonomiske potensialet i rådyrjakta er dessutan lite. Dei siste åra har det vore langt fleire tilfelle av skader og påkørsler på rådyr, noko som indikerer at det er auke i stamma.

4 Mål for hjorteviltstammene

Konkrete målformuleringer er ein føresetnad for at forvaltningsplanen skal kunna fungera som styringsreiskap i samband med godkjenning av bestandsplanar, men er også eit svært nyttig hjelpemiddel når dei årlege kvotane til vald som ikkje er med i bestandsplanområde (sjå avsnitt 5.2 for utdjuping av omgrep) skal fastsetjast, og elles i samband med handsaming av alle slags spørsmål knytte til hjorteviltet. Bestandsutviklinga har vorte vurdert årleg i samband med tildeling av løyve, men det har også eit meir langsiktig perspektiv.

4.1 Hovudmålsetnad

Bestandane av hjortevilt som heilt eller delvis høyrer heime i Luster kommune skal vera tilpassa det naturgevne beitegrunnlaget. Storleiken på hjorteviltstammene skal balanserast på eit nivå som tener jaktrettshavarane sine interesser, samstundes som det vert teke omsyn til beiteskadeproblematikk, samt trafikktryggleik og andre samfunnsinteresser. Haustbart overskot skal disponerast av grunneigarane til jakt for rekreasjon og matauk eller som grunnlag for verdiskaping på eigedomane.

4.2 Delmål perioden 2017-2020

Hjorteviltforvaltninga skal ha fylgjande delmål:

- 1) Hjortestamma skal reduserast til maksimalt 0,18 observerte dyr pr. jakta time innan utgangen av planperioden.
- 2) Måltallet *sett kalv pr. kolle* er eit mål på fertiliteten, og dermed kondisjonen i populasjonen. Sett kalv pr. kolle skal ikkje under 0,6 under normale omstende.
- 3) *Sett kolle pr. bukk* skal ikkje overstiga 1,5.
- 4) Innslaget av rådyr skal haldast på eit lågt nivå. Rådyra skal ikkje få breia om seg.
- 5) Det skal vera små, men jaktbare førekommstar av elg i Jostedalen og Utladalen.
- 6) Skadeomfanget på skog og innmark skal reduserast.
- 7) Utfordringar knytt til påkøyrslar skal dokumenterast og fylgjast opp.
- 8) Kommunen skal leggja til rette for ei auka verdiskaping gjennom turisme, utleige samt gode ordningar for lokale jegerar.
- 9) Hjorteforvaltninga skal vera organisert i bestandsplanområde.
- 10) Forvaltninga av hjortevilt i Luster skal byggja på eit solid kunnskapsgrunnlag

4.3 Måloppnåing 2017-2020

Under har eg tatt for meg kvar enkelt delmål for 2017-2020 og syner korleis måloppnåinga har vore.

- 1) Sett hjort pr. jaktttime viser inga endring. Fleire variablar peiker på ein stabil bestand. Ein har ikkje lykkast med å redusere stamma.
- 2) Sett kalv pr. kolle 0,66 for år 2020. Den held seg godt over 0,6.
- 3) Sett kolle pr. bukk ligg på 1.26 for 2020. Det viser at me har godt med bukk i bestanden
- 4) Det er oppretta fleire rådyrvald i perioden. Uttaket er ikkje blitt noko større. Ser ut som bestanden er litt aukande, ved at det blir sett og felt rådyr på fleire ulike stadar i kommunen.
- 5) Stabilt uttak av elg i Jostedalen, lite uttak i Utladelen
- 6) Litt tilbakemeldingar på skader på mark og skog. Er blitt bygd ein del hjortegjerde og rundballelager i perioden for å redusere problematikken.
- 7) Auke i påkøyrslar i perioden(sjå tabell 2). Påkøyrslene er spreidd over fleire stadar i kommunen. Ingen område som særskilt peikar seg ut.

- 8) Har vore lite fokus på å leggja til rette for ei auka verdiskaping gjennom turisme, utleige samt gode ordningar for lokale jegerar.
- 9) Det har blitt arbeida med bestandsplanområde i perioden. Det er oppretta eit på Sørsida av Lustrafjorden. Det store bestandsplanområde for Sogndal, Leikanger og Luster vart ikkje godkjent for ny periode då det var lite oppslutnad om samarbeidet.
- 10) Det blir levert inn sett og skutt får alle vald digitalt samt fellingsrapport. Digitalisering har medført at ein har fått mykje meir data knytt til vekter på viltet. Det er også blitt gjennomført aldersanalyse på hjorten i 2020.

4.4 Forvaltningsmål og tiltak 2021-2024

4.4.1 Bestandsstorleik

Mål:

Hjortebestanden skal reduserast og stabiliserast på eit lågare nivå. Det noverande nivået er vurdert som noko høgt i høve til beitegrunnlaget, skadeomfanget i jord og skogbruk, trafikkskadar og biologisk mangfold. Fylgjande mål for sett hjort:

- Sett hjort pr. jegertime til maksimalt 0,20. Sett hjort i utmark maksimalt 0,16 pr. jegertime.
- Sett hjort pr. jegerdagsverk utmark til maksimalt 0,7

Bakgrunn for målet:

Hjortejakta er ein viktig utmarksressurs for grunneigarar i Luster kommune, og har stor rekreasjonsverdi for jegerar både innanfor, men også utanfor kommunen. Derfor er det ynskjeleg med ein forholdsvis stor hjortebestand slik at verdiane blir halde ved like. På den andre sida må hjortebestanden vera på eit nivå som er vurdert akseptabelt med omsyn til beitegrunnlaget, skadeomfanget i jord og skogbruk, trafikkskadar og biologisk mangfold. Det er i dag ein auke i tal påkøyrslar og enkelte områder har eit stort omfang av hjorteskadar i jord- og skogbruk. Tilbakemeldingar frå fleire jegerar er at det er mindre hjort i terrenget, medan andre stadar er det rapportert om mykje hjort. Det er ingen indikasjon i statistikkane på at det er nokon stor nedgang i hjortebestanden. Stor tettleik med hjort gjev mindre førmengd til kvar hjort som igjen reduserer kroppsvekta. Kroppsvekta har verknad på produksjonen og for overlevingsevne gjennom vinteren.

Tiltak i perioden:

- Viktig med informasjon ut til valdleiarar, jaktrettshavarar og jegerar om bestandsituasjon og ynskja målsetting.
- Oppretting av bestandsplanområde og bestandsplanar for å auke fleksibilitet i uttak.
- Kommunen skal leggja til rette for ei auka verdiskaping gjennom turisme, utleige samt gode ordningar for lokale jegerar. Legge til rette for lokale ungdommar får delta i organisert jakt som hjortejakt.

4.4.2 Bestandssamsetjing

Mål:

Å forvalte hjortebestanden slik at det vert ført vidare ei balansert bestandssamsetjing med omsyn til både kjønn og alder. Fylgjande måleparametar:

- *Sett kolle pr. bukk* skal ikkje overstiga 1,3
- Sett spissbukk pr. bukk bør stabilisert på eit nivå under 0,4.
- Auke snittalder på bukk og koller over 2,5 år
- Sett kalv pr. kolle skal ikkje under 0,6 under normale omstende.

Bakgrunn for målet:

Det er rekna at ein har tilstrekkeleg hanndyr når indeksen for sett kolle pr. bukk ligg på om lag 1,5. Luster kommune har bra med eldre bukk i stamma med indekstal på 1,3. Det er derfor viktig at det er fokus på eit kjønnsnøytralt uttak av vaksne dyr framover og sparing av eldre bukkar.

Ei bestandssamsetjing med låg del vaksne bukkar påverkar ikkje vekstraten i bestanden, men vil føre til seinare brunst for kollene og dermed seinare kalvefødsel. Dette vil igjen føre til kalvar som er mindre og dårligare rusta til vinteren. På sikt vil det gje ein bestand med dårlig snittkondisjon. For å redusere eller stabilisere bestanden må ein då ha fokus på eit høgare uttak av kalv og ungdyr.

Tiltak i perioden:

- Kjønnsbalansert uttak av vaksne dyr (1,5 år og eldre)
- Avgrensa uttak av storbukk og eldre koller
- Kalv og ungdyruttak bør minimum ligge på 65 %
- Formidle årlege statstikkar som syner utvikling

4.4.3 Slaktevekter

Mål:

Stabilisere vektutviklinga på hjort. På sikt er målet å auke slaktevektene igjen.

Bakgrunn for målet:

Slaktevekter for alle årsklassar og kjønn har vist ein minkande tendens på Vestlandet.

Tiltak i perioden:

- Viktig med informasjon ut til valdleiarar, jaktrettshavarar og jegerar om bestandsituasjon og ynskja målsetting.
- Kjønnsbalansert uttak av vaksne dyr(1,5 år og eldre).
- Informasjon til valdleiar, jaktrettshavarar og jegerar om viktigheita om registrering av vekter i sett og skutt app
- Maks 40 % eldre dyr i avskytinga
- Oppmoda valda til å innføre skrapdyrordning

4.4.4 Datainnsamling

Mål:

Forvaltninga av hjortevilt i Luster skal byggja på eit solid kunnskapsgrunnlag. Offentlege vedtak som påverkar naturmangfaldet skal så langt det er rimeleg vere basert på vitskapleg kunnskap jfr. §8 i naturmangfaldlova.

Bakgrunn for målet:

Datainnsamling i samband med jakta er det beste forvaltningsverktyet som finnast pr. dags dato. Og er det middelet som gjev høve til å ha oversyn over hjortebestanden. «sett hjort» er det viktigaste registeret.

Tiltak i perioden:

- Sikre at alle vald leverer fellingsrapport og sett hjort seinast 14 dagar etter jakta er avslutta
- Kurs jegerar for å få nøyaktigheit i registrering av sett hjort data
- Opplyse om viktigkeit av registrering av data til valdleiar, jaktrettshavarar og jegerar
- Aldersanalyse av hjort kvart 5 år
- Arbeidast med at dataregistreringa blir gjort kontinuerleg i app for å bli nøyaktig og god.
- Arbeide for at jegerar registrera slaktevekter på dato for flest mogleg dyr som vert felt under jakt. Mål om minimum 90 %

4.4.5 Arealbrukskonflikt

Mål:

Redusere omfanget av arealbrukskonflikt i høve andre interesser. Halde skadeomfanget på eit akseptabelt nivå for grunneigarar. Stabilisere talet på påkøyrslar i kommunen.

Bakgrunn for målet:

Skadane på innmark, bær, frukt og grønsakhagar kan i delar av kommunen vera omfattande. Alle interesser må høyrast og vera ein del av planlegging av ein ny forvaltningsplan. Førebuing mot skadar skal i hovudsak gjerast under ordinær jakt. I enkelt tilfelle kan skadefellingsløyve nyttast som verkemiddel. Dei siste åra har det også vore ei auke i tal påkøyrslar i kommunen.

Tiltak i perioden:

- Registrere skadar på innmark, frukt, bær og grønsaker
- Oppmode til innmarksjakt i område med stor skade
- Yte tilskot til viltgjerder og elementgjerder for å hindre skadar på rundballar, bær, grønsak og frukthagar
- Registrerer alle fallvilt i hjorteviltregisteret med nøyaktig koordinatar. Viktig med god kontakt med vegmyndighetene for om mogleg å få sett i verk tiltak på utsette strekningar.
- Arbeide for å stabilisere og helst redusere hjorteviltbestanden slik at tal påkøyrslar går ned
- Aktiv bruk av viltfondet i det førebyggjande arbeid
- Oppretting av bestandsplanområde for å gjere det enklare å ta ut skadegjerande individ

4.4.6 Bestandsplanområde

Mål:

Ein skal legge til rette for grunneigarstyrt og bestandsretta forvaltning av hjortebestandane. Oppretting av ulike bestandsplanområder og bestandsplaner(sjå avsnitt 5.2), med fokus på samarbeid om forvaltning.

Bakgrunn for målet:

I perioden 2005-2012 utførte bioforsk eit hjortemerkeprosjekt i Sunnfjord og Sogn. Bilde 1 under syner trekkruta til hjorten i Sogn og Sunnfjord. Prosjektet var å utvikla kunnskap om hjortens arealbruk som grunnlag for forvaltning av hjort i Sogn og Fjordane. Data frå prosjektet syner at hjorten nyttar eit langt større område enn det gjennomsnittleg store hjortevald. For å kunne laga fornuftige forvaltningsregionar og/eller naturlege samarbeidsregionar bør man sjå på hjortens arealbruk i samanheng. Ein relativt stor del av hjorten nyttar fleire kommunar i løpet av året.

Tiltak i perioden:

- Etablere gode og naudsynte samarbeidsrutinar med nabokommunar
- Oppmuntre valdleiarar og andre jegerar til å delta på temadagar og viltseminar for å auke kunnskap om hjorteviltforvaltning
- Det skal arbeidast for at valda i kommunen samarbeider om felles bestandsplanar og gjerne utviding av valdstorleik
- Arrangere informasjonsmøter for å få samarbeid i gang og hjelpe til med døme/erfaring.
- Vurdere måla i valda sine bestandsplanar opp mot bestandsmål innanfor relevant årsleveområde, og harmonisere avskytingsplanen med kringliggende vald/bestandsplanområde.

4.4.7 Rådyr og elg

Mål:

Innslaget av rådyr og elg skal haldast på små jaktbare bestandar.

Bakgrunn for målet:

Rådyr er ein art som trivst svært godt i kulturlandskapet. Diverre gjere dei stor skade på eplehagar og bæråkrar. Det er derfor eit ynskje om små bestandar av rådyr av kommunen, då rådyr utgjere ein stor utfordring knytt til landbruksdrift.

Elg er også ein art ein lyt fylgje med på bestandsutviklinga på. Dagens elgbestandar i Jostedalen og Utladalen blir i dag jaktrykket retta mot okse for å oppretthalde rekruttering. Me ser i dag streifdyr andre stadar i kommunen samt ei lita elgetablering på Hafslo. Kommunen opnar opp for at skal kunne få etablere seg små elgbestandar andre stadar i kommunen. Det er viktig at det blir kartlagt nøyne skadeomfang knytt til skogbruk (furuforyngelse). Ein lyt også fylgje med på utfordring knytt til påkøyrslar, då landskapet i dag fort kan tvinga elg ned i dalstrøka og ned til bilvegar.

Tiltak i perioden:

- Tett dialog med valdleiarar, jaktrettshavarar og jegerar om utvikling av tilhøva for rådyr og elg
- Registrere fallvilt, observasjonar og felte individ

5 Forvaltingsspørsmål

5.1 Organisering av viltforvaltninga i Luster kommune

Pr. mars 2021 er det 100 hjortevald, 2 elgvald og 8 rådyrvald i kommunen. Minstearealet for hjort er 500 dekar i heile kommunen, men tilgangen til å fråvika dette med inntil 50% i samband med løyyetildelinga vert mykje nytta, slik at dei fleste får meir enn eitt løyye pr. 500 dekar teljande areal. For elg er det lagt til grunn eit arealkrav på 10.000 dekar og for rådyr 1.000 dekar. Det er eit godkjende bestandsplanområde i Luster pr. mars 2021

Dialogen mellom kommunen og jaktrettshavarane går i hovudsak gjennom valdleiarane. Diverre er det sviktande kommunikasjon mellom valdleiar og den enkelte grunneigar i ein del vald, noko som gjer det utfordrande å nå ut med informasjon til jegerane. Eit årleg folkemøte om hjorteforvaltning har vore godt motteke, og samstundes nyttig for forvaltninga som eit forum for meiningsutveksling og tilbakemeldingar. Dei siste åra har hjortemøtet blitt avlyst grunna koronasituasjonen.


Kommunen jobbar for at alle hjortevald skal vere digitalt tilgjengeleg via kommunen si kartløysing www.kommunekart.no i løpet av 2021. Dette vil gje betre informasjon til innbyggjarar, grunneigarar og jegerar om kven som samarbeider om hjortejakta og kor grensene går. Det gjev også grunneigarar og jegerar grunnlag for å diskutere effektane av samarbeid i bestandsplanområde og moglegheitene som ligg i grunneigarstyrt forvaltning.

Teljande areal er i utgangspunktet knytt til skoggrensa mot fjellet. Denne er varierande og endrar seg over tid. For at føresetnadane skal henge saman over tid og for å praktisk gjennomføre digitaliseringa, er grensa sett til 900 moh. Fleire stadar i kommunen kjem ein då inn i sameigearreal. Dersom det er usemjø mellom partane i sameige om dette, må grensa settast ned til særeigegrensene og valdet «mister» teljande areal. I tillegg til den generelle grensa på 900 moh., vil kommunen nytte skjønn i grensesetting i ytterkantar.

5.2 Årsleveområde for hjort, avgrensing og storleik


I perioden 2005-2012 utførte bioforsk eit hjortemerkeprosjekt i Sunnfjord og Sogn. Kart 1 under syner trekkruta til hjorten i Sogn og Sunnfjord.

Tanken med prosjektet var å utvikla kunnskap om hjortens arealbruk som grunnlag for forvaltning av hjort i Sogn og Fjordane. Data frå prosjektet syner at hjorten nytta eit langt større område enn det gjennomsnittleg store hjortevald. For å kunne laga fornuftige forvalningsregionar og/eller naturlege samarbeidsregionar bør man sjå på hjortens arealbruk i samanheng. Ein relativt stor del av hjorten nytta fleire kommunar i løpet av året.



Kart 1: Hjortetrekk i merkeprosjektet

Hjortemerkeprosjektet syner trekk mellom Sogndal kommune og Luster kommune. Med sommarleveområde i dalane og vinterområde i lågare strøk. Ein har i rapporten skilt mellom to årsleveområde for hjorten. Luster kommune (frå Dalsdalen) og Sogndal kommune og resterande av kommunen som eit leveområde (Kart 2). I merkeprosjektet er det ikkje merka så mange dyr (14) i Luster kommune. Ein har derfor ikkje fullverdig oversikt over årsleveområda.



Senterposisjon: 91073.28, 6841375.54
 Koordinatsystem: EPSG:25833
 Utskriftsdato: 27.04.2021

0 5 10 15 20km



Kart 2: Kart over årsleveområder 2 stk. (eit i gult og eit i svart)

Det har vore arbeida med eit felles bestandsplanområde Sogndal, Leikanger og Luster kommune. Etter ein prøveperiode frå 2016 til 2019, var areal frå alle kommunane med i eit felles bestandsplanområde(gult område på kart 2). Det var stor geografisk spreiing mellom valda som deltok og dessverre vart det ein del konflikt mot vald som ikkje deltok. Det samla arealet som deltok i planen vart etter kvart mindre. I 2019 vart derfor ikkje bestandsplanområde godkjent.

Med erfaring i prosessen med det store bestandsplanområde vil kommunen framover prøve å arbeide for at det blir oppretta mindre samarbeidsområder(bestandsplanområder) i kommunen innanfor årsleveområda. Med meir kjende sosiale relasjonar, håpar kommunen det er lettare å bli einige om eit samarbeid. Det er viktig å legge til rette for meir effektiv jakt. Ved at ein kan ha samarbeidsavtalar mellom vald kan ein lettare ta ut meir dyr i vald der det er store skadar, ein kan ta ut meir dyr der det er meir effektivt å jakte og stimulere til forvaltning.

Luster kommune er ein stor geografisk kommune som er fysisk splitta av fjord, fjell og bre. Sesongtrekka er ulike i ulike delar av kommunen og på tvers av kommunegrenser (Sogndal og Årdal). Kommunen har i dag veldig mange vald og for å få til eit samarbeid på tvers av eksisterande vald, meiner kommunen at ein bør dele kommunen inn i mindre samarbeidsområde (bestandsplanområde).

Ein vil då i større grad enn i dag dekke ein større del av årsleveområde til hjorten og større del av sosial omgangskrets blant grunneigarar og jegerar. Det er også viktig med godt samarbeid med nabokommunane Årdal og Sogndal. Då årsleveområda til hjorten inngår i desse kommunane.

5.3 Bestandsplanområde

Det er i dag veldig mange vald i kommunen. For å bli einige om samarbeid ser ein føre seg at det er naturleg å dele inn i mindre bestandsplanområde for å bli einige om korleis jaktutøvinga skal vera i eit område. Under er eit forslag til fire geografiske soner. Desse sonene er ikkje ufråvikelege, då samarbeidet blir litt til så vegen går. Det kan også verta aktuelt med fleire bestandsplanområder, og bestandsplanar på tvers av kommunegrensene.

Sone 1: Veitastrond, Hafslo og Solvorn

Sone	Valdnr.	Vald namn
Veitastrond	101	101 Tungestølen
Veitastrond	102	102 Nes
Veitastrond	104	104 Kvam Storvald
Veitastrond	106	106 Heggestad
Veitastrond	112	112 Kjerringnes
Veitastrond	113	113 Yngsdalen
Veitastrond	114	114 Ugulsvik
Hafslo/Solvorn	201	201 Holemarki
Hafslo/Solvorn	202	202 Kvam/Ugulsvik
Hafslo/Solvorn	204	204 Tang-Beheim-Oklevik
Hafslo/Solvorn	205	205 Solvorn sør
Hafslo/Solvorn	206	206 Skophamar
Hafslo/Solvorn	207	207 Allmenningen/Ombandsneset storvald
Hafslo/Solvorn	209	209
Hafslo/Solvorn	210	210 Bondehaug-Storhaugmarki
Hafslo/Solvorn	211	211 Hillestadmarki
Hafslo/Solvorn	213	213 Bremermarki
Hafslo/Solvorn	214	214
Hafslo/Solvorn	215	215 Skårdalen
Hafslo/Solvorn	216	216 Simosete
Hafslo/Solvorn	217	217 Heggmyrane/Hauge
Hafslo/Solvorn	218	218 Bersetno
Hafslo/Solvorn	219	219
Hafslo/Solvorn	220	220
Hafslo/Solvorn	221	221 Kjosamarki
Indre Hafslo	301	301
Indre Hafslo	302	302
Indre Hafslo	303	303 Skisete

Indre Hafslo	304	304 Svingum
Indre Hafslo	305	305
Indre Hafslo	306	306 Høgi-Tørvi
Indre Hafslo	307	307 Øvre Joranger-Opheim
Indre Hafslo	308	308 Joranger
Indre Hafslo	309	309
Indre Hafslo	310	310 Molden aust
Indre Hafslo	311	311 Lie/Melheim
Indre Hafslo	312	312 Sønnesynstølen
Indre Hafslo	313	313

Sone 2: Jostedal, Gaupne, Luster

Sone	Valdnummer	Valdnamn
Gaupne	401	401 Røneid
Gaupne	402	402 Leirdalen
Gaupne	403	403 Leirmo
Gaupne	404	404 Alsmo
Gaupne	405	405 Vigdalens
Gaupne	406	406
Jostedal	501	
Jostedal	502	502
Jostedal	504	504 Grov og Bergset
Jostedal	505	505
Jostedal	506	506
Jostedal	507	507 Bakken
Jostedal	508	508 Vanndalen
Jostedal	509	509
Jostedal	511	511 Sperle
Jostedal	512	512 Myklemyr
Jostedal	514	514 Åsen
Jostedal	515	515 Ormberg/Ormbergstøl
Jostedal	516	516 Fossen/Fossøy
Nes/Luster	601	601 Nes
Nes/Luster	602	602
Nes/Luster	603	603 Talla
Nes/Luster	604	604 Saude
Nes/Luster	605	605
Nes/Luster	608	608
Nes/Luster	609	609
Nes/Luster	610	610 Kilen
Nes/Luster	611	611
Nes/Luster	612	612 Ottum

Nes/Luster	613	613
Nes/Luster	614	614 Breisete
Nes/Luster	615	615 Sandvikli
Nes/Luster	616	616 Råum
Nes/Luster	617	617
Nes/Luster	621	621 Bringestølen
Nes/Luster	622	622 Lø/Nedre Hornane

Sone 3: Sørsida av Lustrafjorden

Sone	Valdnummer	Valdnamn
Sørsida	803	803 Sørsida N storvald
Sørsida	812	812 Krokadalen
Sørsida	813	813 Ytre Kroken
Sørsida	819	819 Loi
Sørsida	820	820 Loi/Bjørkenes
Sørsida	821	821 Trondskogen
Sørsida	822	822 Kvalen
Sørsida	823	823 Furehaugane
Sørsida	824	824 Buggestranda
Sørsida	825	825 Kinsdal
Sørsida	826	826 Ornes
Sørsida	827	827

Sone 4: Skjolden

Sone	Valdnummer	Valdnamn
Skjolden/Fortun	701	701
Skjolden/Fortun	702	702 Skjolden storvald
Skjolden/Fortun	704	704 Rebni
Skjolden/Fortun	707	707 Drægni
Skjolden/Fortun	708	708
Skjolden/Fortun	709	709 Berge-Optun
Skjolden/Fortun	710	710
Skjolden/Fortun	711	711
Skjolden/Fortun	712	712 Svensøy
Skjolden/Fortun	713	713 Nyløy
Skjolden/Fortun	715	715 Ormelid
Skjolden/Fortun	716	716 Utladalen
Skjolden/Fortun	717	717 Hauge
Skjolden/Fortun	718	718 Fjøsne

5.4 Storleik på bestandsplanområder

På same vis som ved godkjenning av vald må kommunen utøve skjønn ved godkjenning av bestandsplanområder. Dette gjelder spesielt vurderingar som gjere at bestandsplanområdet oppnår ein forvaltningsmessig fornuftig struktur og størrelse. Forskrifta stiller ikkje like strenge krav til at bestandsplanområdet skal vera samanhengande som den gjere for eit vald. Området må likevel ha ei utforming som gjere at det er ein «hensiktsmessig enhet» for bestandsforvaltning av vedkommande art. Det er også viktig at bestandsplanområdet består av individ av same bestand som naturleg kan nyte same årsleveområda.

Kor stort eit bestandsplanområde skal vera blir vurdert ut frå forskrift om forvaltning av hjortevilt §12-14.

§ 12 Krav til bestandsplanområde for elg og hjort

Et bestandsplanområde er to eller flere vald som samarbeider om å utarbeide bestandsplan for elg og/eller hjort

Bestandsplanområdet må disponere et tellende areal på minimum 20 ganger minstearealet

Bestandsplanområdet skal oppnevne ein representant som opptrer på vegne av bestandsplanområdet overfor kommunen.

5.5 Viltfondet

Viltfondet i Luster kommune vert nytta mellom anna å betra kunnskapen om eiga hjortestamme, kompetanseheving for jegerar (mellan anna feltkontrollørkurs), støtta arbeidet til ettersøksringen, kommunale ettersøk og skadeførebyggjande tiltak (i hovudsak hjortegjerde).

Søkjarar som set opp gjerde som stettar kommunen sine krav til viltgjerde, får dekka inntil 75 % av materialkostnaden.

Når bestandsplanområda er oppretta vil det vera naturleg å setja av ein del av viltfondet til drift av desse etter søknad.

- Nyttar viltfondet til gode tiltak i tråd med intensjonane, slik som:
 - Beiteskadereduserande tiltak
 - God forvaltning og drift av bestandsplanområde
 - Støtta opp om næringsutvikling knytt til vilt
 - Ettersøk etter påkøyrt vilt
 - Auka kunnskap og interesse for hjorteviltet

6 Referansar


Gloppen kommune(2020), *Forvaltningsplan for hjort 2021-2023. Fagrapport*

Luster kommune(2016), *Forvaltningsplan for hjort 2016-2020. Fagrapport 1/2016*

Stryn kommune (2020), *Kommunale mål for hjorteforvaltning i Stryn 2020-2032. Fagrapport*



Luster kommune - organisasjonsmodell



Politiske organ

Kommunestyret (25 representantar) er kommunen sitt øvste organ. Alle store/viktige saker vert avgjorde her, etter tilråding frå formannskapet/næringsutvalet (7) eller plan- og forvaltningsutvalet (7). Dei to sistnemnde organ avgjer sjølv ein del saker etter fullmakt frå kommunestyret. I tillegg får kommunestyret også nokre saker frå eige kontrollutval (5) og frå mellombels komitear (særskilde saker). Alle val til faste politiske organ er for 4 år. Ordføraren er kommunen sin fremste representant. Han leiar møta i kommunestyret og formannskapet/næringsutvalet.

Rådmannen

Rådmannen leiar administrasjonen og har ein overordna oppfølgings- og støttefunksjon for alle underliggende avdelingar og einingar.

Rådmannen avgjer sjølv saker etter fullmakt frå kommunestyret og tilrår i dei sakene som skal til politisk handsaming.

I sentraladministrasjonen er det funksjonar som kommunalsjef oppvekst og kommunalsjef helse og omsorg med rådmannsmynde og ansvar innan dei respektive tenesteområda.

Sentraladministrasjonen har 2 stabseiningar med underliggjande avdelingar. Sørvis og driftsstøtte med avdelingane; sørivistorg, ikt og kvalitet, økonomi og personal. Økonomisjefen er stabsleiar med samordningsansvar. Forvaltning og utvikling med avdelingane; landbruk og naturforvaltning, plan, eigedom, teknisk drift, næring og kultur. Rådmannen er stabsleiar med samordningsansvar.

Kommunale foretak

Lustrababet KF er organisert som eit kommunalt foretak med eit styre som rapporterer til Kommunestyret

Tenesteeiningane

Kommunen har 21 tenesteeiningar som primært yter tenester til innbyggjarane. Kvar eining har ein eigen leiar som rapporterer til rådmann, då primært til ovannemnde kontaktpersonar. Desse leiarane arbeider med grunnlag i eit eige administrativt delegeringsreglement, fastsett av rådmannen.

1) Kommunen har fylgjande oppvekstsenter: Skjolden oppvekstsenter, Luster oppvekstsenter, Jostedal oppvekstsenter, Indre Hafslo oppvekstsenter og Solvorn oppvekstsenter.

2) Kommunen har fylgjande grunnskular: Gaupne skule, Luster ungdomsskule og Hafslo barne- og ungdomsskule (administrerer også Veitastrand)

3) Kommunen har fylgjande barnehagar: Gaupne barnehage, Gamlestova barnehage og Hafslo barnehage.

4) NAV Luster er leia i partnerskap mellom stat og kommune.

5) Luster omsorgssenter, Gaupne omsorgssenter, Hafslo omsorgssenter og Grandmo miljøteneste

Interkommunalt

Kommunen har fylgjande interkommunale samarbeid:

- Sogn kulturskule (Sogndal er verkskommune)
- Sogn barnevern (Sogndal er verkskommune)
- Sogn PPT (Sogndal er verkskommune)
- SIMAS (IKS)
- Sogn brann og redning (IKS)

I tillegg kjem fleire mindre interkommunale samarbeid